

LØVEBRØL MED MEINING

- ei lita orientering om tankane bak eventyrstundene på biblioteket

I perioden seint september – tidleg april vel eg å gje tilbod om 4 lesestundar i veka til barnehagen.

Eg vel å gje dette tilbodet fordi:

- ungane blir stimulerte av ulike forteljingar og ulikt kunstnarisk uttrykk
- alle ungane i Fyresdal får ei felles plattform sett saman av mange og ulike bøker
- ungane får eit positivt syn på lesing og biblioteket
- dei blir trygge og røynde bibliotekbrukarar som gjerne dreg med seg andre familiemedlem på biblioteket
- mange foreldre gir uttrykk for at lesestundene på biblioteket er ei god oppleving for deira ungar
- OG – å formidle bøker og å oppleve forteljingane i samspeil med ungar gir meg glede!

Om eg skal oppnå desse resultatane, er det viktig for meg å møte alle ungane på en varm og god måte. Kvart barn skal bli ynskt hjarteleg velkome, bli sett og høyrte. Alle får litt tull med t.d. namn, og alle får ein magisk penn til å lyse nett for seg. 5-åringane er i ei særklasse. Dei skal sitje på forteljarstolen og dei skal mate monsterhufsetufsa. Monsterhufsetufsa er det mange som hugsar langt opp i skuleåra.

Lesestundene skal vere interaktive.

Alle ungane skal delta etter evne og lyst – svare på rare spørsmål, rime, vere krokodiller, løver og det som verre er.

Bøker er ikkje kjedelege, og det skal heller ikkje lesestundene vere.

Bøkene set i gang reaksjonar og kjensler, og det er det flott å gje uttrykk for!

Eg vel ulike bøker til ulike aldersgrupper, og prøver å tilpasse bokvalet og presentasjonen slik at alle, uansett funksjonsnivå, har utbytte av og kan vere aktive på lesestunda. Det viktigaste er ikkje å vere "flink", men å ha ei god oppleving.

Sjølv sagt er det grupper der nivået er svært ulikt, og der ein unge kan kjede seg når ein annan har det bra, men da prøver eg å lage litt ulike lesestunder frå gong til gong og å veksle på kva for unge som får mest fokus.

Bokval

Eg legg vekt på å bruke bøker med ulike historier og ulikt kunstnarisk uttrykk.

Dette for å skape utvikling og for å utfordre ungane.

Eg legg også vekt på å formidle nyare bøker. Dette gjeld særleg 4- og 5-åringane.

Barnebøker speglar samfunnsutviklinga, og bøkene har gjerne ein tydeleg budskap.

Eg ser at mange nyare bøker er moraliserande. Boka "Dragejakten", som eg har nytta for 4- og 5-åringane i haust, fortel at det ikkje lønar seg å mase eller å krevje for mykje. Prinsessa som krev alt mogleg, og til slutt vil ha ein drake, hamnar heilt aleine på drakefjellet – og blir der!

Ungane vil vere mest opptekne av dragejakta, men om eg meiner dei kan vere med på litt utanom-preking., vil eg leggje vekt på å formidle sjølve budskapet i boka.

Dette gjeld mange av bøkene vi les.

Dei fleste handlar meir om å vere snille med kvarandre og godtake at ein kan vere ulike enn om løvebrøl og prompting.

For 4- og 5-åringane vil eg gjerne lese teksten ordrett i boka. Dette for å gi stimulans til skriftspråk.

3-åringane, som ikkje er så røynde bokbrukarar, får gjerne bøker med repeterande forteljing. Når Ludde sparkar ballen i hovudet på det eine dyret etter det andre, skjønar dei fleste gangen i forteljinga, og når Ludde trur løva seier bæææ, kjenner alle ungane seg flinkare enn Ludde! Med 3-åringane former eg forteljinga friare og legg mindre vekt på skriftspråket. Det er viktigare å få dei til å henge med gjennom heile boka.

Eg kan også endre litt på forteljingane frå gruppe til gruppe - om boka om apekatten som ikkje har nokon vener blir for trist, ja da får apekatten ein ven med det same ☺

Alle gruppene får gjerne ei tøysebok på slutten av lesestunda.

Dette er bøker som ikkje har særleg litterær kvalitet, men som gir moro eller grøss. Bøker med ting som sprett opp eller med skumle lyder er sjølvsagt populære..

Sprett-opp-boka om Miriams forheksede hus er etterspurt i år, og det er heilt fint med litt avveksling frå Krokodille-Knut. Dei bøkene har eg lese nokre hundre gonger....

På biblioteket

får kvar unge sin grøne rumpeprome-stol som likar rumpepromperumper.

Nokre ungar treng hjelp av barnehagepersonalet til å sitje i ro, nokre treng bare hjelp om dei skal ein tur på do.

Av og til treng nokon eit fang å sitje på eller ei hand å halde i.

Det er heilt fint om den vaksne frå barnehagen likar å vere bestemora til dragen, onkelen til løva eller å stemme i med alle moglege lydar.

VELKOMEN TIL LESESTUND!

Venleg helsing Siv